
Saksnr: 2019/11-99
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.06.2021

Søknad om fritak - Emil Gadolin - val av setjemedlem

Forslag til vedtak

1. Emil Gadolin vert innvilga midlertidig fritak frå sine verv som medlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Fritaket gjeld fra 22.06.2021 til 01.01.2022.
2. Torbjørn Vereide vert vald som setjemedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret for perioden 22.06.2021 til 01.01.2022.

Samandrag

Emil Gadolin (A), har søkt om midlertidig fritak frå sine verv som medlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Gadolin grunnjev søknaden med at han i denne perioden skal vikariere som politisk rådgjevar for byrådsleiar i Bergen.

Fylkesrådmannen finn at vilkåra for midlertidig fritak er oppfylt. Fylkesrådmannen har i saksframlegget òg lagt opp til val av setjemedlem for perioden Gadolin har fritak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Emil Gadolin (A) har i e-post datert 18.06.2021 sendt inn slik søknad:

«Jeg ønsker å søke om fritak fra vervet som medlem av fylkesutvalget i perioden 21. juni 2021 til 1. januar 2022. Jeg vet ikke om det må søkes om fritak fra finansutvalget og fylkesvalstyret separat, eller om det automatisk følger av et eventuelt fritak fra fylkesutvalget.

Årsaken er at jeg i denne perioden skal vikariere som politisk rådgiver for byrådsleder i Bergen.»

I e-post av same dag har Gadolin korrigert tidspunktet søknaden skal gjelde frå til 22.juni 2021.

Vedtakskompetanse

Mynde til å gjere vedtak i søknad om midlertidig eller varig fritak frå verv som folkevald ligg til fylkestinget, jf. kommunelova § 7-9 (2).

Av reglement for fylkesutvalet punkt 3, går fram at fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8.

Søknader om midlertidig fritak kan vere av kortare eller lengre tidsrom. Når folkevalde ber om fritak omgåande, meiner fylkesrådmannen at det av omsyn til den folkevalde er naudsynt å treffe vedtak så raskt som mogleg. Fylkesrådmannen har etablert som praksis at slike saker vert lagt fram snarast råd for fylkesutvalet (med mindre fylkestinget har møte først).

Etter fylkesrådmannen si vurdering, har ikkje val av setjemedlem/nyval/suppleringsval nødvendigvis det same hasteaspektet som ei fritakssøknad. Hasteelementet for slike val må bero på ei konkret vurdering. I dette høve har fylkesrådmannen kome til at det vil vere riktig å gjere nytte av fylkesutvalet sitt mynde til å ta avgjerd i hastesaker, då neste møte i fylkestinget er 29.09.2021. Fylkesutvalet skal ha 5 møte før dette tidspunkt, finansutvalet eitt og fylkesvalstyret 6 møte, deriblant gjennomføring av stortingsval. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil val av setjemedlem bidra til ei meir føreseieleg gjennomføring av desse møta.

Vurderingar og verknader

Søknad om midlertidig fritak

Innleiingsvis vil fylkesrådmannen peike på at fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret er tre ulike folkevalde organ i fylkeskommunen (sjølv om samansetnaden i utvala er lik). Fylkesrådmannen legg difor til grunn at søknaden gjeld fritak til alle desse tre organa.

Av kommunelova § 7-9 (2) følgjer:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018) s. 363) følgjer:

«Fritak kan gis både for kortere og lengre tidsrom. Et fritak trenger ikke tidfestes til et konkret tidsrom, men kan gis for så lenge fritaksgrunnen foreligger. Slikt tidsubestemt fritak kan for eksempel være aktuelt dersom en kommunestyrerepresentant blir statsråd eller statssekretær.»

Fylkesrådmannen slår fast at grunngevinga for søknaden ikkje var kjend for Gadolin då han samtykka i å stille til val. Fylkesrådmannen finn at fritaksgrunnen er relevant, og i kjerneområde for kva lovgjevar har tenkt på som aktuelle midlertidige fritak. Fylkesrådmannen finn at det vil vere

vesentleg til ulempe for søkar om fritak ikkje vert innvilga. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert innvilga.

Val av setjemedlem

Av kommunelova § 7-10 (2) følgjer:

«Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.»

Fylkesrådmannen viser til omtale av avgjerdsmynde under punktet vedtakskompetanse. Fylkesrådmannen viser til at oppnemning av setjemedlem vil bidra til ei meir føreseieleg gjennomføring av komande møte i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret.

Først på gruppa (A) si varamedlemsliste, er Torbjørn Vereide. Fylkesutvalet må velje Vereide som setjemedlem.

Konklusjon

Emil Gadolin vert innvilga midlertidig fritak for perioden 22.06.2022 til 01.01.2022.
Torbjørn Vereide vert vald som setjemedlem for perioden 22.06.2022 til 01.01.2022.